



Til FAU Leiknes skule v/Hilde Hovden og Hege Stokken

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6631 - 14/21127

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

17.09.2014

Svar på skriv frå FAU representantar ved Leiknes skule

Viser til e-post sendt til undertekna 05.09.14.

Dykkar innspel har vore til vurdering hjå avdeling for miljøretta helsevern samt kommuneoverlegen i Lindås kommune. Vedlagt følgjer uttale frå dei:

Dei retningslinjer som er førande for denne type stråling er utarbeida av Folkehelseinstituttet (FHI), og dette må vi som fagarbeidarar forholde oss til.

Vår oppgåve er å gi råd ut frå nasjonalt faglege retningslinjer og oppdatert forskingsgrunnlag.

Viser derfor til Folkehelseinstituttets forskingsrapport 2012:3 på «Svake høyfrekvente elektromagnetiske felt – en vurdering av helserisiko og forvaltningspraksis».

Den konkluderer med at eksponering frå trådlause nettverk og basestasjonar er så svak at det ikkje er grunn til å gjere noko for å redusere eksponeringa. Kunnskapsgrunnlaget i denne helserisikovurderinga gjer ikkje grunn til å hevde at helseskadar vil opptre ved eksponeringar som befolkninga er utsatt for i dag.

Ekspertgruppa har også vurdert grundig om det er grunnlag for føre – var prinsippet når det gjeld radiofrekvente felt. Dei meiner at vilkåra for anvending av føre – var prinsippet for eksponering for svake RF-felt ikkje er oppfylt, og dermed ikkje aktuell.

Lindås kommune vil halde seg til retningslinjene som er førande for «svake elektromagnetiske felt» i høve til våre barnehagar og skular. Miljøretta helsevern deltek i prosjekt knytt til ombygging og nyetablering av bygg, i tillegg til at dei gjennomfører tilsyn i alle barnehagar og skular. I tilsynsrapporten vil feil eller manglar ved bygget samt varsel om pålegg kome tydeleg fram.

De ber om eit møte med kommunen i høve til denne saka samt tilbakemelding på ikkje-samtykke erklæring som er levert til skulen. I høve til ikkje-samtykke erklæringa, så er dette noko de som føresette har sendt til skulen. Lindås kommune vurderer at føre-var prinsippet i denne samanheng ikkje aktuell. Dette i samsvar med Folkehelseinstituttet sine tilrådingar i forskningsrapport 2012:3 samt uttale frå Miljøretta helsevern.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

56 37 50 00



I høve til møte med kommunen, så er eg usikker på om det framleis er behov for eit møte. I fall De ønsker eit møte for å leggje fram Dykkar syn i saka, vil eg tilrå at De får ein avtale med avdeling for Miljøretta helsevern i Lindås kommune. Send meg gjerne ein e-post om dette er ønskeleg, så skal eg formidle kontakt med avdelinga.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hilde Hovden og Hege Stokken

Kopi:

Katrine Hopland